

Nye nettleigeprisar frå 01.10.2022

Nettleiga du betaler dekker drift, utbygging og vedlikehald av straumnett, og inneheld etter 01.10.22 to delar: eit kapasitetsledd og eit forbruksledd. I tillegg dekker nettleiga avgifter til myndigheitene.

Frå 1 juli 2022 vart me pålagd av Reguleringsmyndigheita for energi(RME) å gjere om nettleiga. Dette vil for Modalen Kraftlag tre i kraft på avrekninga for oktober.

Den vanlege fastavgifta(årleg fastbeløp) på nett går bort og vert erstatta av to deler kalla kapasitetsledd og energiledd.

Kapasitetsleddet er eit fast månadleg beløp som vert basert på kor mykje straum du bruker på samma tid. Om du fordeler straumforbruket utover heile døgnet, vil du få eit lågare kapasitetsledd enn om du bruker mykje på ein gong.

For å berekna kapasitetsledd er det lagd ein trappetrinnsmodell, der gjennomsnittet av dei tre høgste døgnmaksimalane i månaden vil avgjera kva trinn du kjem på. Ein døgnmaksimal er den timen du brukar mest straum i løpet av ein dag. Det vil seie at gjennomsnittet av dei tre timane med høgast forbruk i månaden, fordelt på tre ulike dagar vil avgjera kva slags trinn du kjem på.

| Kapasitetstrinn | Døgnmaks kW | Kr/mnd | Kr/år |
|-----------------|-------------|--------|-------|
| Trinn 1 | 0-2 | 62 | 750 |
| Trinn 2 | 2-5 | 103 | 1236 |
| Trinn 3 | 5-10 | 175 | 2100 |
| Trinn 4 | 10-15 | 247 | 2964 |
| Trinn 5 | 15-20 | 319 | 3828 |
| Trinn 6 | 20-25 | 390 | 4686 |

Energileddet

Energileddet avreknast etter straumforbruk i kWh. Det vil sei 58,01 ø/kWh ink. MVA.

Prisen inkluderer dette:

Overføring 30 ø/kWh

Enova-avgift 1 ø/kWh

Forbruksavgift på elektrisk kraft(Elavgift til staten): 15,41 ø/kWh.

Meirverdiavgift(mva): 25%

Med venleg helsing

Modalen Kraftlag SA

